

Evaluering

av

skular bygde av

Norsk Pinsemissjon

i forskjellige

indianarkoloniar

i Paraguay.

Gjennomført i mars/april 2006.

Innleiing.

Underskrivne vart beden av PYM om å leia ei evaluering av dei skulane norsk pinsemisjon hadde bygt for indianarar i Paraguay. Evalueringa vart gjennomført i mars og april 2006. Det er resultatet av denne som føreligg her.

Med i evalueringsteamet var:

Emiliano Vera. Ava Guarani indianar. Bur i Tekoha Pora, Paso Cadena. Er for tida president for organisasjonen til den stammen i Alto Parana-fylket. Koordinerer hjelp frå kraftselskapet Itaipu og fylkesadministrasjonen i Alto Parana til indianarane. Er og med i paraplyorganisasjonen som samlar dei indianske interesseorganisasjonane frå heile landet. Har gjennom det delteke i forhandlingar mellom anna med representantar for senatet. Var områdeleiar for folketeljinga av indianarar i sitt fylke i 2002. Nytt stor respekt både mellom både indianarar og andre.

Alba Velazquez. Er utdanna innan spansk- og guaraniundervisning. Har gjennom ei rekkje år vore tilknytt Lærebokprosjektet og Språkfakultetet som eig dette. Ho er av blandingsfolket, - vanlegvis kalla "paraguayarar". Har stor erfaring frå arbeid med indianarar. Er for sin store kunnskap innan guarani. Det meste av skrivearbeidet i evalueringa er gjort av henne.

Inge Bjørnevoll. Norsk pinsemisjonær i Paraguay sidan 1970. Har gjennom åra opparbeidd kjennskap både til land og folk, og ikkje minst til dei indianarane som har nytt godt av desse skulebygga. Har leidd det såkalla "Lærebokprosjektet" sidan 1996.

Har vore leiar for evalueringsteamet. Har omsett og skrive forklaringar til oppsummeringa og konklusjonen som vart avslutta i Asuncion den 10. og 11. april d.å.

Sjølve evalueringa føreligg på spansk og norsk på CD, - med bilete frå dei aktuelle koloniane. Original tekst og bakgrunnsmateriale vert overlevert og teke hand om av PYM, Oslo. Dei gav oppdraget.


Asuncion, den 12. april 2006.

Inge Bjørnevoll.


Oppsummering av innsamla informasjon.

- 1) **Vedlikehald av bygningar.** Generelt sett var svara at bygningane vert “Bra” vedlikehaldne, nokre “Svært bra” og andre “Nokonlunde”.

I dei fleste tilfelle, omlag 80 %, vert reinhaldet gjort av foreldra og / eller elevar, foreldre og lærarar i lag.



- 2) **Kven heldt skuleplassen rein?** I 75 % av tilfelle vert det gjort av elevane saman med foreldra og lærarane.




- 3) **Kor ofte vert det gjort?** Nokre seier kvar 8. dag, men me trur heller at det vert gjort etter som det er trong for det. Der er tider av året då graser veks meir og det må kuttast ofte. På ein av skulane seier dei at kommunen gjorde reint ein gong.


Merk: Der er i alt bygt 9 lærarbustader. Fem av desse er i bruk, og 4 står tomme. I 2 av dei bur folk som ikkje er lærarar.

- 4) **Talet på lærarar.** Opplysningane stemmer ikkje når det gjeld talet på lærarar, derfor tek me med både opplysningane frå skuleinspektørane og det me fann i felten.

4.1. **Opplysningar frå skuleinspektørane:** I 2005 var det 50 lærarar i alt. Av dei var 3 utan lønn frå staten, mendan alle dei andre hadde det. Av desse hadde 17 lærarutdanning, 14 studerte enten vidaregåande eller lærarskule samstundes som dei underviste.¹ Det var 19 som underviste utan lærarutdanning og som heller ikkje studerte.




4.2. **Opplysningar innsamla i felten:** Der er no (i 2006) 62 lærarar, 24 med lærarutdanning, 26 som studerer og underviser, og 10 som ikkje studerer i det heile. 5 har høgare utdanning enn vanleg lærarutdanning. Alle, bortsett frå 4, hadde lønn frå staten.



5. Talet på elevar: (Her fekk me forskjellige opplysningar):

5.1. **Etter det skuleinspektørane oppgav:** I 2005 var der 1163 elevar på desse skulane. 13 skular underviste frå 1. til 6. klasse, 7 skular hadde også forskule, og 3 i tillegg hadde 7. og 9. klasse.


¹ Det er vanleg med desentralisert undervisning der dei går på skule på laurdagane.




Merk: På skuleinspektørkontoret var der ikkje statistikk over elevar på kvar einskild skule som ikkje greidde eksamen for oppflytting, eller som slutta i skuleåret. Statistikken større område. Me har derfor ikkje opplysningar om dette frå dei.

5.2. **Opplysningar innsamla i felten:** No, i 2006, er det 1238 elevar i alt. 12 skular har 1. til 6. klasse, 3 har også 7. og 9., 4 har forskule, og 2 barnehage. Undervisninga vert gjort på føre- og ettermiddag. Ingen hadde kveldsundervisning.

Elevar som slutta gjennom skuleåret: Av alle skulane oppgav fleirtalet at 1 – 10 % sluttar i løpet av skuleåret. I dei tilfelle det vart oppgjeve at 0 % slutta, trur me at det er ukorrekt.




Tal på elevar som ikkje greidde eksamen for oppflytting: For 5 fekk me opplyst at alle vert flytt opp etter andregongs eksamen. 5 seier at 1 – 10 % greier det ikkje, og 3 seier at prosenten er over 10 %



Merk: I internatet som vart bygt i Fortuna, fungerer no eit snekkarkurs som skal vara i 2 månader. Der var 15 innskrivne elevar. Organisasjonen SAI (Sekretariatet for Hjelp til Indianarane) driv kurser. Fylkesadministrasjonen betaler kurset, og SNPP (Det Statlege Organiet for å utdanna Fagarbeidarar) gjev kursbevis. Det er meininga at seinare skal dei ha røyrleggjarkurs og sykurs.

6. Korleis fungerer skulane pedagogisk?

Fleirtalet av dei spurde, 21 personar, svara at dei fungerer "Bra", 3 at dei fungerer "Svært bra", 6 at dei fungerer "Nokonlunde", og 4 at dei fungerer "Dårleg".




7. Vart undervisninga betre etter at dei fekk skulebygga?

Det store fleirtalet, 32 spurde, svara at "Ja", 1 svara "Nei" og berre 1 "Veit ikkje".

7.1. Skuleinspektørane svara:

- 4 av skulane fungerte "Svært mykje" betre.
- 4 av skulane fungerte "Betre".
- 4 av skulane "Nokonlunde" som før.
- 1 av skulane vart "Ikkje betre"



8. Korleis vart dei betre?

8.1. Etter opplysningane samla inn i felten: Det mest tydelege var at elevtalet auka. Det vart og nemnt at dei då fekk meir under visningsmateriell, betre lærarar, betre infrastruktur, at bustadane i kolonien vart etre, osv.

8.2. Skuleinspektørane opplyste: Sjølvbiletet og motivasjonen til foreldra og elevane vart betre. Dei meinte og at det som gjorde skulane betre, var arbeidet til lærarane, og ikkje sjølve bygningane.

9. **Korleis verkar dette samanlikna med andre skular?** For alle 13 skulane rekna dei at undervisninga vart betre då dei fekk bygningane.

10) Korleis vart skulebygga mottekne i koloniane?

12 av koloniane er glade for skulen dei fekk.
For 1 av dei spelte det ingen rolle.

11) Korleis vart skulane mottekne av styresmaktene? Dei vart positivt mottekne. Undervisningsdepartementet ser på bygningane om ei stor hjelp.


12) Kunne ein få same forbetreinga med mindre utlegg?

I 12 av tilfelle meinte dei at kunne ein.
I 1 tilfelle meinte dei det var uvisst.

Grunnlaget for desse meiningane er uklåre. Dei spurde svara med at dei ville hatt fleire klasserom, meir undervisningsmaterieil til lærarane, osv. Ingen kunne gjeva direkte svar på korleis det kunne gjerast billegare reint bygningsmessig.

13) Oversyn over dei som vart spurde. Det var:

- 9 Hovdingar.
- 14 Lærarar.
- 11 Rektorar for einskildskular.
- 4 Områderektorar.
- 2 Skuleinspektørar. (Dei som var ansvarlege for dei skulane evalueringa gjalt).



14. Generelle merknader.

Skulane har i desse åra motteke hjelp frå:

- MEC²
- INDI³
- Fylkesadministrasjonen.
- Andre.
- Det vart understreka at å få hjelp er avhengig av at hovdingane eller skulekomiteane søkjer og står på. MEC saman med ein organisasjon som

² MEC er Undervisningsdepartementet.

³ INDI er staten sitt organ for indianarsaker.

arbeider for indianarskular har gjeve lærarkurs. Etter det skuleinspektørane seier, er det likevel misjonen som har gjort mest for desse skulane.

Behov som vart framlagde:

- Trong for meir plass.
- Trong for hjelp til vedlikehald av bygningane (særleg låsar, glasruter, mur rundt ein brunn, og måling. I eit tilfelle ynskjer dei seg brunn).
- Bokhylle.
- Kopimaskin.

Andre opplysningar:

- I fleire av skulane går også born som ikkje er indianarar.
- Ein skule hadde i fjor lese- og skriveopplæring for vaksne. Det måtte avsluttast fordi dei ikkje fekk lønn til læraren.

Konklusjonar.

Ut frå dei opplysningane som føreligg og det me har sett, kan me seia at skulane er i bra stand. Dei er stort sett reine og velhaldne. Samanlagt har desse skulane eit relativt høgt elevtal.

Det er viktig å merka seg korleis staten tek seg av desse skulane i og med at mest alle lærarane har lønn der ifrå. Det er og viktig å merka seg at dei fleste lærarane er indianarar, og at mange har fagutdanning eller studerersamstundes som dei underviser.

Det er tydeleg at koloniane støttar opp om skulane, noko som ein kan sjå på reinhaldet av bygningane og områda rundt. Undervisningsdepartementet er og takksam for at det vert bygt skular til indianarane og ser på det som ei stor hjelp for desse.

Kort sagt er bygginga av skular for indianarane ein god investering i indianarane si framtid.

Me vil også gjeva nokre råd med tanke på eventuelle skulebygg i framtida:

- *Det bør leggjast vekt på eit godt samarbeid med foreldra i koloniane når ein byggjer skular, slik at dei får eit eigartilhøve til bygningane.*
- *Ikkje planleggja at elevar frå to etniske grupper skal gå på same skulen.*
- *Konstruera like mange skular i kvart område. No er det 9 skular i nord, og 5 skular i sør.⁴*
- *Vurdera talet på born i skulepliktig alder, og at kolonien fungerer godt⁵.*
- *Byggja skular som er lette å vedlikehalda, t.d. med dørar og vindaugslemmar av metall (ikkje glasruter) og hengelåsar i staden for dørlåsar.⁶*

Asunción, den 11. april, 2006

(Originalen har her tre underskifter).

Inge Björnevoll

Emiliano Vera

Alba Velázquez

⁴ Dette er eit punkt som ikkje går fram av skjemaet, men som Emiliano Vera kom med ut frå samtalanane som er haldne. Området i nord er området rundt Curuguaty, og området i sør er det rundt Paso Cadena.

⁵ Den skulen som truleg vert nedlagd og bygningane ståande tomme, er i ein koloni med store interne konflikter. Som fylgje av krangelen mellom leiarane, har mange flytt frå kolonien. Fleirtalet av dei som er att, bryr seg ikkje om at borna skal gå på skule.

⁶ Dei vedlikehaldsproblema som ein kunne sjå ved dei fleste skulane, var at dørar av tre var øydelagde, der var knuste glasruter (- det er vanskeleg å få glasruter innsett i desse områda), samt at dørlåsane var øydelagde. Indianarane i sine hus har ikkje glasruter, og når dei skal stengja huset, vert det event. gjort med hengelås. Me meiner derfor at ein må leggja vedlikehaldet på det nivået.